

Sansane våre

Heilt frå du var liten baby har du brukt munnen din til å ete og smake med, men visste du at andre delar av kroppen din òg er med på å forme smaksopplevelinga – altså korleis du opplev at maten smakar? I denne økta skal du læra om korleis vi nyttar sansane våre når vi et og om fem ulike smakar vi har i munnen - grunnsmakane. Gjennom nokre morosame oppgåver skal du få smake på ulike matvarer og du skal få øve deg på å forklare korleis dei smakar. Ver modig, kanskje liker du noko betre enn du trudde!



Kva skal du læra?

- Å bli kjent med dei fem grunnsmakane (søtt, salt, surt, bittert og umami)
- Å bli bevisst på korleis alle sansane kan påverke smaksopplevelinga
- Å settje ord på sansar og smaksopplevelingar
- Forstå korleis utforsking av nye smakar kan bidra til eit helsefremjande og variert kosthald

Vi nyttar alle sansane våre når vi opplev og smakar mat

Syn

Ved å sjå på maten får vi ei forventing om korleis den skal smake og om vi ynskjer å ete den.

Høyrsel

Vi kan høre lyden av mat som vert laga. Vi nyttar også høyrselen når vi et og tygger maten.

Lukt

Lukt kan vekke sterke minner og kjensler. Vi kan lukte mat på avstand og i munnen står luktesansen for ein stor del av smaksopplevelinga.

Kjensle

Vi nyttar kjenslesansen for å bedøme temperatur og konsistens på maten.

Smak

På tunga har vi smaksløkar som kjenner dei ulike grunnsmakane. Når maten er kome inn i munnen kombinerar vi smak, høyrsel, lukt og kjensler. Då får vi heile smaksopplevelinga!

Grunnsmakar

Dei fem grunnsmakane som smaksløkane på tunga kjenner att.

Søtt – sukker, honning, söt frukt (t.d. banan, drue), sukettar, syltetøy

Salt – salt, snacks, bacon, spekemat, salta fisk

Surt – sitron, eddik, sure bær, umoden frukt

Bittert – grapefrukt, appelsinskall, sterkt kaffi, grønn te, ruccolasalat

Umami – buljong, soltørka tomat, soyasaus, steikt kjøt



Sansane våre



Tenk gjennom og/eller diskuter med andre:

Syn

- a) Har du opplevd å smake noko som du trudde var noko heilt anna? Korleis var det?
- b) Kva trur du ei gul drikke smakar? Kva med ei raud drikke? Kva med brun drikke på glas og brun drikke i kopp då?

Kjensle

- c) Likar du best varm eller kald mat? Kva med varm middagsmat som er blitt kald?
- d) Korleis kjennes det ut i munnen å ete suppe, potetmos, brødkive eller knekkebrød? Føretrekker du at maten har ein spesiell konsistens?

Lukt

- e) Kva minnar lukta av kanel deg om? Kva kjensler får du av å lukte nybakt brød?
- f) Korleis smakar maten når du er tett i nasa?
- g) Kan du like smaken av mat sjølv om du ikkje liker lukta? Kjem du på nokre dørmer?

Høyrsel

- h) Kva tenkjer du blir laga når du høyrer lyden av stavmikseren?
- i) Korleis er lyden av eit mjukt og eit sprøtt knekkebrød i munnen når det vert tyggje? Kva føretrekker du? Er smaken forskjellig, eller bare lyden?

Smak

- j) Prøv å kjenn etter alle dei frem grunnsmakene i maten som du et i løpet av ein dag.
- k) Kjenn etter korleis du nyttar alle sansane dine neste gang du et middag. Kva ser du, kva kjenner du, kva luktar du, kva høyrer du, og kva smakar du? Opplev du maten på ein anna måte når du fokuserer på alt dette?



Eigne notatar/teikningar

